

Strandebarm Lions club  
v/ Olav Tomre

Dato: 13.05.2014  
Vår ref.: 2014/12424-67  
Saksbehandlar: ellsynn  
Dykkar ref.:

## **Avslag på søknad om tilskot til fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv 2014 – Fysisk aktivitet og sosialt treff for eldre hjemmeboende**

Vi viser til søknaden dykkar i tilskotsordninga Fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv, sendt 13.02.14. Vi må diverre melde avslag på søknaden.

### **Vurderingsgrunnlag**

Hordaland fylkeskommune fekk i 2014 kr 900 000,- til fordeling frå Helsedirektoratet. Det kom inn 37 søknadar innan fristen. Fordelinga er samordna med andre fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar innan fysisk aktivitet og friluftsliv. Vurdert i høve øyremerking av midlar, andre prosjektsøknader og tilgjengelege midlar, er vi kome til at vi dessverre ikkje kan medfinansiere prosjektet.

Prosjektet Fysisk aktivitet og sosialt treff for eldre hjemmeboende vert ikkje prioritert ved dette høvet på bakgrunn av at prosjektet ikkje rettar seg mot den prioriterte målgruppa barn og unge.

Vi ser likevel at dette er eit godt prosjekt, og søknaden dykkar vart derfor også vurdert i samband med midlar relatert til Hordaland fylkeskommune sitt arbeid med eldre. Prosjektet fekk diverre også avslag her, då prosjektet har pågått i over 3 år. I vurdering av tiltak som elles har lik prioritering, vert tiltak som har pågått i over 3 år nedprioritert. Dette då midlane skal nyttast til utvikling av nye prosjekt.

### **Klage/innsyn i dokumenta**

Behandling av søknadar i tilskotsordninga vert ikkje sett på som enkeltvedtak, og i fylgje Forvaltningslova § 2, første ledd bokstav a og b, er det ikkje klagerett.

Vi gjer merksam på at de etter forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

### **Kontaktperson**

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for tilskotsordninga er Ellen Strøm Synnevåg, tlf 55378017, e-post [Ellen.Strom.Synnevag@hfk.no](mailto:Ellen.Strom.Synnevag@hfk.no).

Ved spørsmål etter 15.07.14, ta kontakt med Anne Mette Nesje Porten, epost: [Anne.Mette.Nesje.Porten@hfk.no](mailto:Anne.Mette.Nesje.Porten@hfk.no).

Vi ynskjer dykk lykke til vidare!

Med helsing

Bård Sandal  
Regionaldirektør

Ellen Strøm Synnevåg  
Rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*